

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 9. februar 2016
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Revisjonsselskapet KPMG as inviterer til opplæring/kurs kl. 16.00.

Saksliste:

- 1/16 Godkjenning av protokoll frå møte 01.12.15
- 2/16 Årsmelding for 2015 frå kontrollutvalet
- 3/16 Plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane
- 4/16 Referat- og orienteringssaker 09.02.16

Eventuelt

Aksdal, 02.02.16

Øystein Susort (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (til orientering)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.02.16	1/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.11.14

Vedlegg: Protokoll fra møte 01.12.15

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 01.12.15 følger vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 01.12.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 02.02.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 1. desember 2015 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øystein Susort. Han ønskte velkommen til fyrste møte i denne valperioden.

MØTESTAD:	Kårstørommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Øystein Susort (KrF), Arne Gjerde (H), Linda Ånderå Bokn (V), Åse Paulsen (A), og Karsten A. Larsen (FrP)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef Tor Leif Helgesen i sak 22 /15, til kl. 18.30
MERKNADER TIL INNKALLING	Utvalet ønskte saksdokumenta sendt ut i same leseformat som andre utval i kommunen får dei. Sekretær lova å undersøke saka.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet vedtok å handsame sak 22 som fyrste sak, så sak 18, deretter pkt. 30 om teieplikt i sak 20, deretter sak 19, før dei andre avgjerds-sakene, og så sak 20 som siste sak.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 18/15 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgåver og ansvar til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Medlemmene, sekretær og revisor presenterte seg. Utvalssekretær gjekk i gjennom saksframlegg og vedlegg. To av medlemmene hadde deltatt på informasjonsmøtet og to har meldt seg til opplæring i Sandnes. Medlemmene stilte spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Tysvær kontrollutval tar gjennomgangen av utvalet sine oppgaver og ansvar til orientering.

SAK 19/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 01.09.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 01.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 01.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 20/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.12.15

28. Melding om pol. vedtak 29.10.15 - val av kontrollutval for perioden 2015-2019
29. Kommunestyrevedtak 08.09.15, sak 55/15 – Selskapskontroll Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS
30. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet
31. Reglementet for Tysvær kontrollutval
32. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
33. Evaluering av arbeidet i sist periode 2011-2015
34. Tilbakemelding - informasjonsmøtet for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15
35. Påmelding - FKT sin Haustkonferanse i Sandnes 10.12.15
36. Deltaking/påmelding - NKRF sin Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 3. – 4.02.16
37. Tilbod frå KPMG - kurs for nye kontrollutval
38. Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune
39. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS
40. Hamnerådsmøte 19.11.15, kl. 17.00 - Karmsund Havnevesen IKS
41. Hamnerådsmøte 20.11.15, kl. 13.00 - Karmsund Havnevesen IKS
42. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
43. Forvaltningsrevisjon «Internkontroll i Tysvær kommune» - KPMG sin rapport, saksframlegg og særutskrift i sak 15/15

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Utvalsleiar tok opp at det var ønskeleg at det i teiepliktserklæringa blei presisert slik at det gjekk heilt klart fram at det var teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova som erklæringa gjeld, og ikkje alle andre opplysningar som ein blir gjort kjent med i vervet i kontrollutvalet.

Nestleiar hadde i hovudsak den same innvendinga og hadde skriftleg framlegg til alternativ erklæring. Etter diskusjon blei framlegget trekt, og utvalet blei samrøystes samd om ei anna formulering til erklæring, som vil bli underskriven i neste møte. Alle medlemmene bekrefta at dei var kjend med teieplikta og brot på denne etter forvaltningslova.

Utvalet ønskte at skjemaet blei omarbeida til neste møte.

Arne Gjerde tok opp to forhold i reglementet: pkt. 1, fjerde avsnitt om at kontrollutvalet skal bli tilbydt deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring og pkt. 7.4 om leiar og nestleiar si møte- og talerett i kommunestyret, no når også leiar er kommunerepresentant.

Utvalsleiar meinte at det var fint mulig å handtere og i realiteten ikkje eit stort problem då alle saker frå kontrollutvalet til kommunestyret vil vere gjennomgått av utvalet i fellesskap. Sekretær bekrefta at tilsvarende roller var uproblematisk i andre kommunar. Etter oppmoding frå nestleiar ville utvalsleiar for ordens skyld ta kontakt med ordførar slik at ein avklarar evt. problemstillingar.

Sekretær blei bede om å følgje opp at det blir sendt ut invitasjon til folkevaldopplæring 06.-07.01.16 på Stord.

Til haustkonferansen i Sandnes har Øystein Susort og Åse Paulsen meldt seg. Dei andre hadde ikkje høve til å delta.

Dersom fleire frå utvalet reiste, ønskte Karsten A. Larsen å delta på NKRF sin konferanse. Utvalet drøfta saka. Utvalet ville i fyrste rekkje velje deltaking på folkevaldopplæringa på Stord på nyåret. Utvalet meinte likevel at inntil 3 deltakarar kunne melde seg på. Medlemmene skulle ta kontakt med sekretær for påmelding innan fristen 17.12.15.

Utvalet ønskte å takka ja til opplæring frå KPMG. Revisor meinte det var greitt å ha kurset før eller etter neste møte. Utvalet blei samd i å ha det i forkant.

Utvalet hadde gjort seg kjent med siste forvaltningsrevisjonsrapport, men sekretær presiserte at innstillinga er ikkje deira, men avgått utval si.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Kontrollutvalet tar referatsakene 28-43 til orientering.

Tysvær kontrollutval vedtar å sende 2 deltakarar på Haustkonferansen i Sandnes 10.12.15. Sekretariatet melder på Øystein Susort og Åse Paulsen.

Tysvær kontrollutval godkjenner å sende inntil 3 medlemmer på NKRF sin konferanse på Gardermoen i februar 2016. Medlemmene tar kontakt med sekretær for nærare påmelding.

Tysvær kontrollutval tar imot KPMG sitt tilbod om opplæring/kurs for nye kontrollutval. Kurset vert i forkant av neste møte 09.02.15 kl. 16.00.

SAK 21/15 STATUSOVERSIKT OVER UTVALET SINE PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Sekretær gjorde greie for bakgrunn for saka og oppsett. Utvalet hadde ingen merknader utover at det til neste gong hadde vore nyttig med ein kolonne som viste kva tid dei ulike rapportane vart lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Tysvær kontrollutval tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.

SAK 22/15 ORIENTERING OM BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar presentasjonen av rådmannens budsjettforslag til budsjett 2016 og økonomiplan for Tysvær kommune 2016-2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Økonomisjefen viste til presentasjon i opent møte i november. Han gikk igjennom hovudtrekka i framlegget og dei økonomiske utfordringane framover, spesielt uvisse knytte til reglane for eigedomsskatt frå Kårstø. Budsjettframlegget er no på 1,1 milliard kroner, kor 932 mill. er til drift og 168 mill. til investeringar.

Netto driftsresultat er klart betre no enn vedtatt økonomiplan 2015-2018 etter omstilling og sparing dei siste åra. Sentrale i styringa av TK er dei 10 økonomiske handlingsreglane. Tysvær kommune har no auka sitt handlingsrom. Budsjettet ligg 11% over landssnitt. For inntektene ligg ein ca. 15 % øve. Ressursbruken innan omsorg ligg øve 25 % av landssnitt. Ny ressursbruksanalyse skal gjennomførast i 2016.

Utvalsleiar takka økonomisjefen for presentasjonen. Sekretær sender ut presentasjonen til medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Kontrollutvalet tar presentasjonen av rådmannens budsjettforslag til budsjett 2016 og økonomiplan for Tysvær kommune 2016-2019 til orientering.

SAK 23/15 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2015

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Revisor Roald Stakland viste til planen som var delt ut. Tidlegare år har denne orienteringa kome i september, etter at interimrevisjonen har vore ute i kommunen. Han orienterte om revisjonen sitt arbeid, prosessar og rutinar, om risikovurderingar og revisjonsområde som lønn, innkjøp, investeringar, sjølvkost, mva osv. Revisor svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Tysvær kontrollutval tar revisjonsplan 2015 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.

SAK 24/15 UTARBEIDING AV NY PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL 2016-2020 – BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE OG PLANAR

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval godkjenner tilbudet frå KPMG AS på oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Tysvær kommune slik den ligg føre/ med desse endringane.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Sekretær orienterte. I saka var pris og timetal sladda. Utvalet stilte spørsmål om praktisering av offentleglova § 23, men var av oppfatning at tilbodssum er ikkje offentlig fram til avgjerd var teken, deretter offentlig. Det blei avtalt at sekretær og utvalsleiar ville dobbeltsjekke dette i etterkant.

(Tilbodssum er offentlig når avgjerd er tatt, då det kan gjerast unnatak frå innsyn for tilbod og protokoll til val av leverandør er gjort.)

Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Tysvær kontrollutval godkjenner tilbudet frå KPMG AS på oppdraget med å utarbeida ein overordna analyse, Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016-2020 for Tysvær kommune slik den ligg føre i tilbudet av 19.11.15.

SAK 25/15 MØTEPLAN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Tysvær vedtar følgjande møteplan for 2016:

tysdag 09.02, 10.05, 06.09, 15.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 01.12.15:

Utvalssekretær orienterte om framlegg. Utvalet drøfta tidspunkt og datoar. Utvalet blei samd i å fortsette med møtestart kl. 18.00, men vil gjere ei evaluering seinare. Elles var framlegg til datoar greie.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.12.15:

Kontrollutvalet i Tysvær vedtar følgjande møteplan for 2016:

Tysdag 09.02, 10.05, 06.09 og 15.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

EVENTUELT

Utvalsleiar hadde spørsmål vedk. mistankar om mislegald og monalege avvik som revisor svara på.

Neste møte: tysdag **9. februar 2016**, kl. 18.00 (KPMG sitt kurs starter kl. 16.00)

Aksdal, 1. desember 2015

Øystein Susort (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.02.16	2/16
Kommunestyret	01.03.16	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

ÅRSMELDING FOR 2015 FRÅ KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Utkast til Årsmelding 2015

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2015 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2015 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker som har vore handsama og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TILVEDTAK:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2015.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2015 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 02.02.16

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KOMMUNE

VEDLEGG
SAK 2/16

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2015



KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2015.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "***kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Tysvær kontrollutval hatt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Jakob Alstveit (Sp)
Nestleiar	Laila M. Ramstad Nemeth (A)
Medlem	Randi I. Rettedal (Frp)
Medlem	Tormod Førland (H)
Medlem	Gunnar Egge (V)

Varamedlemmer:

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Trond Fludal (H)
3. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
4. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland har vore utvalet sin kommunestyrerepresentant.

For valperioden 2015 - 2019 har Tysvær kontrollutval vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Øystein Susort (KrF)
Nestleiar	Arne Gjerde (H)
Medlem	Linda Ånderå Bokn (V)
Medlem	Åse Paulsen (Ap)
Medlem	Karsten A. Larsen (Frp)

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigdrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

Øystein Susort er no utvalet sin kommunestyrerepresentant.
Utvalet hadde sitt fyrste møte 1. desember 2015.

Både leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har ikkje møtt i utvalet i 2015. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har i 2015 ikkje møtt sjølv, men økonomisjefen har møtt tre gonger og personalsjef ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015

Kontrollutvalet har i 2015 hatt **4** (4) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov å lukke. Utvalet held sine møte i rådhuset.

Utvalet har i 2015 hatt **25** (24) saker til handsaming der **7** (5) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **43** (38) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok ingen frå Tysvær. Det var heller ikkje nokon på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni.

På felles opplæringskveld i november for nye medlemmer deltok ordførar, to medlemmer (Gjerde og Larsen) og to varamedlemmer. På dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes i desember deltok utvalsleiar Øystein Susort og Åse Paulsen.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 19.05.15 kommunen sin årsrekneskap for 2014 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2014 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 5,15 mill. Revisor og utvalet hadde i år ikkje merknader til rekneskapen, så det blei ikkje sett nokon frist for tilbakemelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret

skal vedta planen. Tysvær kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 18.12.12, sak 91/12.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om temaet «Internkontroll» i februar etter at KPMG la fram framlegg til prosjektmandat i det same møtet. Ramma vart sett til 200 timar for prosjektet.

Rapport blei lagd fram i septembermøtet. Ut i frå føremål og fastesette problemstillingar, meinte revisjonen at manglane kunne grupperast i to:

- *Systemet for kvalitetsstyring er ikkje tilstrekkeleg integrert i styringssystemet,*
- *Prosjektorganiseringa for nytt kvalitetssystem framstår uklar.*

Det blei så frå revisor peika på en del tilrådingar, som ikkje takast med her.

Kommunestyret vil få rapporten til handsaming på nyåret, då det var ønskeleg at saka ikkje blei lagd fram i budsjettmøtet i desember. Utvalet har tilrådd at rådmannen gjer tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 12 månader frå kommunestyrehandsaminga.

I kommunestyrevedtak om rapport om budsjett og økonomistyring, frå hausten 2014 blei det også bede om tilbakemelding. Rådmannen ga sin tilbakemelding til kontrollutvalet i september om kva tiltak som var sett i verk. Han skreiv mellom anna:

Rådmannen gav, slik rådmannen oppfattar det, ei positivt bilete av arbeidet med økonomistyring i Tysvær kommune, og summerer opp at «kommunen sine rutinar i stor grad fangar opp dei viktigaste og mest sentrale lovkrava som gjeld økonomi- og budsjettstyring».

Saka blei oversendt kommunestyret til orientering.

Utvalet har bestilt ny Overordna analyse som vil danne grunnlag for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 18.11.12, sak 90/12.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirmaet Deloitte As som gjennomførte prosjektet, og rapport var klar i mars 2015.

Deloitte hadde då sett etter om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekket nokre få forbetringspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland, med kontor i Haugesund. Han har møtt tre gonger. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen har møtt ein gong i løpet av 2015.

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbodskonkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbudsgrunnlaget blei lagd fram utvalet i april og anbudsfrist blei sett til 11.08.15.

Det blei levert inn to anbod, frå Deloitte og KPMG. Sak om val av revisor ble lagd fram for utvalet i september. Kommunestyret valte å følgje kontrollutvalet si innstilling å velje KPMG AS som kommunen sin revisor i møte 15.12.15, sak 82/15 for dei neste fire år. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år. Det vert med dette inga skifte av revisor for kommunen.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, KOSTRA-tall, Kommunebarometeret, mv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsomRÅDE 10010	REGNSKAP 2015	BUDSJETT 2015	REGNSKAP 2014
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	28 352	70 000	35.128
Revisjonstenester (avt m/priv.)	355 683	426 000	342.044
Sekretariatstenester ((IKS)	177 000	177 000	164 000
Sum utgifter	561.035	673 000	541.172

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2016. Framlegg til budsjett var på kr 677.000 eks mva. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing,

samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Aasmund Austerheim har vore kommunen sin representant til representantskapet, kor han også har vore leiar. Per Molland har vore vald som varamedlem. Arne Gjerde er leiar i styret for IKSet fram til nytt val våren 2016. Begge møtte til representantskapsmøtet 27.04.15.

For perioden 2015-2019 er Gunn Marit Lygre blitt vald som ny representantskapsmedlem og med Anders H. Nordgård som varamedlem.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore lagt fram to rapportar, ein innan forvaltningsrevisjon og ein innan selskapskontroll. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019. Sekretariatet har det vore eit arbeidskrevjande år pga. anbod for ni kommunar og skifte av kontrollutval i haust.

Aksdal, den 09.02.16

Kontrollutvalet i Tysvær

Øystein Susort
leiar (sign.)

Arne Gjerde
(sign.)

Linda Ånderå Bokn
(sign.)

Åse Paulsen
(sign.)

Karsten A. Larsen
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER – TYSVÆR KONTROLLUTVAL 2015

Saker til behandling:

- 1/15 Godkjenning av protokoll frå møte 11.11.14
- 2/15 Referat- og orienteringssaker 03.02.15
- 3/15 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon – «Internkontroll»
- 4/15 Årsmelding for 2014 - kontrollutvalet

- 5/15 Godkjenning av protokoll frå møte 03.02.15
- 6/15 Referat- og orienteringssaker 19.05.15
- 7/15 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2013
- 8/15 Rapport – selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Næringspark AS
- 9/15 Konkurransesgrunnlag – anbod på kjøp av revisjonstenester 2016-2020

- 10/15 Godkjenning av protokoll frå møte 19.05.15
- 11/15 Referat- og orienteringssaker 01.09.15
- 12/15 Revisor si egenerklæring 2015
- 13/15 Budsjett 2016 - kontroll og tilsyn -kontrollutvalet si innstilling
- 14/15 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – «Budsjett og økonomistyring»
- 15/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Internkontroll»
- 16/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 17/15 Val av revisor for perioden 2016- 2020

- 18/15 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 19/15 Godkjenning av protokoll frå møte 01.09.15
- 20/15 Referat- og orienteringssaker 01.12.15
- 21/15 Statusoversikt over utvalet sine prosjekt
- 22/15 Orientering om budsjettframlegg for 2016 og økonomiplan 2016-20
- 23/15 Revisjonsplan 2015
- 24/15 Utarbeiding av ny plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
2016- 2020 – bestilling av overordna analyse og planar
- 25/15 Møteplan for 2016

Referat- og orienteringssaker 2015 til Tysvær kontrollutval

1. E-info 15/1 – redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
2. Om Deloitte's rapport om evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariatene
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – regnskap 2014
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon - budsjett 2015
5. Om skatteinntektene 2014 generelt og på landsbasis
6. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
7. Sjukefraværstatistikk 4. kvartal 2014 og totalt for 2014
8. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2015
9. Statusrapport pr. februar 2015
10. NKRF si kontrollutvalgskonferanse 2015 - 04.-05.02.15 – ingen påmeldt
11. Statusrapport pr. mai 2015
12. Kommunestyrevedtak 24.03.15, sak 14/15 – kontrollutvalet – årsmelding 2014
13. Kontrollrapport 2014 – skattekrevarfunksjonen for Tysvær kommune
14. «Kom godt ut av tilsyn» - fra Haugesunds Avis 24.03.15- selskapskontroll-Hgl Kraft AS
15. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
16. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding
17. Representantskapsmøte 27.04.15 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
18. Representantskapsmøte 18.05.15 – Krisesenter Vest IKS
19. Representantskapsmøte 20.05.15 – HIM IKS
20. Generalforsamling 01.06.15, kl. 15.00 i Haugesund – Haugaland Kraft AS
21. Representantskapsmøte 11.06.15, kl. 14.00 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
22. Statusrapport pr. august 2015
23. NKRF overtar sekretariatet for FKT
24. Bernt svarer: Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
25. Datatilsynet – gebyr for avvik hos kommuner
26. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
27. Kommunaldept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere
28. Melding om pol. vedtak 29.10.15 - val av kontrollutval for perioden 2015-2019
29. Kommunestyrevedtak 08.09.15, sak 55/15 – Selskapskontroll Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS
30. Teiepliktserklæring for kontrollutvalet
31. Reglementet for Tysvær kontrollutval
32. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for 2016
33. Evaluering av arbeidet i sist periode 2011-2015
34. Tilbakemelding - informasjonsmøtet for nye kontrollutval i Aksdal 12.11.15
35. Påmelding - FKT sin Haustkonferanse i Sandnes 10.12.15
36. Deltaking/påmelding - NKRF sin Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 3. – 4.02.16
37. Tilbod frå KPMG - kurs for nye kontrollutval
38. Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune
39. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS
40. Hamnerådsmøte 19.11.15, kl. 17.00 - Karmsund Havnevesen IKS
41. Hamnerådsmøte 20.11.15, kl. 13.00 - Karmsund Havnevesen IKS
42. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM IKS
43. Forvaltningsrevisjon «Internkontroll i Tysvær kommune» - KPMG sin rapport, saksframlegg og særutskrift i sak 15/15

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.02.16	3/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RESULTATOMRÅDA OG STABS-FUNKSJONANE

Saksorientering:

Andre kontrollutval har tidlegare vore svært nøgd med å få orientering om driften av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunksjonane. Plan for orienteringane har vore lagd på nyåret. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2016 og åra framover, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjend med kommunen sin drift og utfordringar.

Rådmannen er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halda seg til. Invitasjonen går derfor via rådmannen, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Rådmanne skal då vere orientert om det.

Dersom man følgjer oppsett til plan, vil kontrollutvalet ha fått en orientering om dei fleste områda i løpet av dette året og dei neste. Det kan lagast ny plan seinare for andre leiarar som utvalet ønskjer skal komme å orientere eller invitera inn etter behov.

Frå Tysvær kommune si administrative organisering har eg henta følgjande frå nettsidene:

Organisasjon

Arvid S. Vallestad er rådmann i Tysvær kommune. Han er kommunen sin øvste administrative leiar.

Frå 2004 har Tysvær kommune hatt ein leiarstruktur med eit rådmannsnivå og eit tenesteytande nivå.

For den samla styringa av kommunen sin administrasjon er det etablert eit leiarforum kalla **rådmannsgruppa**, som i tillegg til rådmannen, er samansett slik:

Tor Leif Helgesen, økonomisjef
leiar av Økonomikontoret

Eli Krokedal, skulesjef
leiar av Resultatområdet skule

Anne Lise Myrvoll, barnehagesjef
leiar av Resultatområdet barnehage

Annbjørge Lunde, omsorgssjef
leiar av Resultatområdet aktivitet og omsorg

Jorid Vea Isdahl, fagsjef og
leiar av Resultatområdet helse og førebygging

Bjørn Bruaset, teknisk sjef
leiar for Resultatområdet teknisk

Ingvar Frøyland, kultursjef
leiar av Resultatområdet kultur

Kristin Helle, Personal- og organisasjonssjef
leiar av stabsfunksjonane Personal, Fellessekretariat, Servicetorg og IT

Linda Christine Olsen, Plansjef

Utvalet får ta stilling om dei ønskjer ei slik orientering og kven dei ønskjer å be komma fyrst og sist.


Møtedato for kven som skal møte kan endrast av kontrollutvalet. I tillegg kan det måtte bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 23.05.16	
Møtet 06.09.16	
Møtet 15.11.16	
1. møte 2017	
2. møte 2017	
3. møte 2017	
4. møte 2017	
1. møte 2018	
2. møte 2018	

Aksdal, 02.02.16



Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.02.16	4/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.16**Vedlegg:**

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Årshjul – kontrollutvalets oppgaver
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2015
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 82/15 – Val av revisor 2016-2020
5. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
6. Workshop i regi av KPMG 18.01.16 – tilbakemelding
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune
9. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
10. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2016
11. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes - munnleg
12. Rapport frå NKRF-konferansen - munnleg
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organer
14. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutvalg 23.11.15
15. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
16. Teieplikterklæring – ny utgåve

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 1 - 16 blir tatt til orientering.

Aksdal, 02.02.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



1

Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt februar 2016

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					
<i>Overordna analyse</i>	01.12.15, sak 24/15	Fast pris	Under arbeid	Våren 2016	KPMG

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandling i KU	Behandling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>«Internkontroll»</i>	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	01.03.16	12 mnds frist	210 t
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	19.05.15, sak 9/15	08.09.15, sak 55/15	Våren 2016	Deloitte
Andre saker					

Avslutta prosjekter pr. november

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Selskapskontroll					
Andre saker					

KONTROLLUTVALGETS ÅRSHJUL

2



Aktiviteter/saker

	Møte nr	1	2	3	4
Protokoll		x	x	x	x
Referatsaker		x	x	x	x
Rapporter fra forvaltningsrevisjon			x		x
Rapporter fra selskapskontroll			x		x
Årsregnskap og revisjonsberetning			x		
Plan for regnskapsrevisjon				x	
Orienteringer/dialog med ordfører og rådmann		x	x	x	x
Orientering fra sekretariatet		x	x	x	x
Orientering fra revisor		x	x	x	x
Kontrollutvalgets forslag til budsjett				x	
Kontrollutvalgets årsmelding		x			
Kontrollutvalgets møteplan					x



1 TYSVÆR KOMMUNE (2015) - År/Periode 2015 1 - 12

01.02.2016
Regnskap
2015

Ansvar: 1012 POLITISK

Teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON

10801 GODTGJERSLE FOLKEVALDE	21.275
10990 ARBEIDSGJEVARAVG	3.077
11952 KONTINGENTAR OG LISENSAR	4.000
13700 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	296.619
13750 KJØP FRÅ IKS DER KOMMUNEN SJØLV ER DELTAKER	236.064
14290 MVA.PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIG (DRIFT)	65.897
Sum teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON	626.931

Sum ansvar: 1012 POLITISK

626.931

Ansvar: 8200 RAMMETILSKOTT

Teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON

17290 REFUSJON MOMS PÅLØPT	-65.897
Sum teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON	-65.897

Sum ansvar: 8200 RAMMETILSKOTT

-65.897

TOTALT

561.035

**Offl § 23 - av omsyn til forhandlingsposisjon m.m.(offentlege innkjøp)****REVISJONSTENESTER FOR PERIODEN 2016 - 2020**

Saksnr	Utval	Møtedato
82/15	Kommunestyret	15.12.2015

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 15.12.2015

Saka inneheld taushetsbelagte opplysningar og er dermed u.off. På bakgrunn av dette tok ordførar opp til vurdering og avrøysting om det var grunnlag for å lukke møte under behandling av saka, jf Kommuneloven §31 pkt 2.

Då dei taushetsbelagte opplysningane ikkje vart vurdert som gjenstand for diskusjon under behandling av saken vedtok eit samrøystes kommunestyret at saka skulle behandlas i ope møte.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET - 15.12.2015

Tysvær kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Deloitte AS
v/partner Else Holst-Larsen (sendes via e-post)
5527 HAUGESUND

Arkiv	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
210	aug. 2015	16/006/tha/ogh	07.01.16

EVALUERING OG VAL AV LEVERANDØR – ANBOD PÅ REVISJONSTENESTER 2016-2020

Vi viser til innlevert tilbod på kjøp av revisjonstenester til **Tysvær kommune** den 11.08.15.

Det vart levert inn tilbod frå to selskap (KPMG og Deloitte). Anbudsopning vart gjort av to representantar frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Det er nå føreteke val av leverandør i forbindelse med anbodskonkurransen.

Tysvær kommunestyre vedtok samrøystes i møte 15.12.15, sak 82/15 følgjande:

Tysvær kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Evaluering av tilboda

Tilboda er evaluert av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Evalueringa er godkjend av Tysvær kontrollutval i møtet 01.09.15, sak 17/15 og kommunestyret i møtet 15.12.15.

Tilbydarane har levert gode tilbod, som er oversiktlege og ryddig sett opp etter dei formkrav som var sett i konkurransegrunnlaget vedlegg D.

Sjølve evalueringa vart gjort i eit vektingssystem, der alle aspektar ved kvart av tilboda vart sett opp i høve til tildelingskriterier gitt i konkurransegrunnlaget. Det er tilbydarane sine svar på dei ulike spørsmåla stilt i konkurransegrunnlaget pkt. 2.1 Pris og pkt. 2.2 Løysing og forståing av oppdraget, som er evaluert.

På kvart av hovudkriteria har den tilbydaren som har best prist/høgast score, fått poeng lik vektinga som er fastsett. Den andre har fått poeng forholdsvis opp mot denne poengsummen.

Evalueringa er sett opp i tabell nedanfor. Tilbydar med høgast poengsum totalt er det tilbodet som vert ansett for å vere det beste tilbodet.

Firma	Pris RR (30%)	Pris FR (30 %)	Kvalitet (40 %)	Totalsum
KPMG AS	10 som gir 3	10 som gir 3	10 som gir 4	10
Deloitte AS	10 som gir 3	9,5 som gir 2,85	10 som gir 4	9,85

Utfyllande grunningjeving

Pris: KPMG sin totalpris var kr 2.430.000 mot Deloitte sin totalpris på kr 2.460.000 eks. mva (samla kontraktsum, inkl. opsjon).

Kvalitet: Begge tilbydarane fekk 10 poeng, då begge tilbydarane hadde oppgjeve personell med god formell kompetanse og erfaring og kome med opplegg i tråd med konkurransegrunnlaget. Det var ingen skilnad på tilbydarane på desse punkta.

Konklusjon

Etter ein samla evaluering av tilboda opp mot tildelingskriteriene, meiner kommunen at tilbodet frå KPMG som det mest økonomisk fordelaktige tilbodet. Dei har lågast pris og på kvalitet kom dei ut på 10 poeng av 10 moglege. Dei har personell med god kompetanse til å gi rettleiing både i rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

Tysvær kommune har difor til hensikt å inngå kontrakt med KPMG på avtale om kjøp av revisjonstenester, etter at karenperioden er over.

Karensperioden

Vi meiner at konkurransen er gjennomført i samsvar med reglane i lov og føreskrift for offentleg anskaffingar. Evalueringa er rekna for å vere i samsvar med tildelingskriterier i konkurransegrunnlaget.

Det vil bli gjeve ein karensfrist på 10 kalenderdagar, sjå Føreskrift om offentlege anskaffingar 22-3. I karenperioden vil det ikkje bli inngått kontrakt, og dei som ikkje er innstilt til oppdraget har høve til å klage på tildelinga.

Når karensfristen er over har oppdragsgjevar til hensikt å inngå kontrakt, med mindre det er kome motsegn som er til hinder for at så skjer.

Karensfristen vert sett til 18.01.16 – kl. 12.00.

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Odd Gunnar Høie (sign.)
rådgjevar

Kopi: Tysvær kommune v/postmottak
KPMG AS


Emne **Workshop - Overordnet analyse**
Avsender Fjørtoft, Lena Davik <Lena.fjortoft@kpmg.no>
Bokn Linda Ånderå <linda.bokn@helse-fonna.no>, Gjerde Arne <agjerde@haugnett.no>, Larsen Karsten A. <karsten.a.larsen@gmail.com>, Paulsen Åse <aasepaul@online.no>, Susort Øystein <oystein.krf@gmail.com>, Toril Hallsjø <tha@kontrollutvalgene.no>
Mottaker
Dato 11.12.2015 14:03

6
roundcube
Haugaland
Kontrollutvalssekretariat IKS
Mottatt dato: 28.12.15
Journalført: 15 /
Arkivkode: 216

- Del 1.3.ics (~5 KB)

Mandag 18. januar 2016

Workshop – Overordnet analyse



Bakgrunn

Kontrollutvalget skal i løpet av 2016 utarbeide planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2016-2019. Planene skal bygge på en overordnet analyse av kommunens virksomhet, basert på risiko- og vesentlighetsbetraktninger. Planen skal endelig vedtas i kommunestyret.

Kontrollutvalget har lagt opp til en bred prosess rundt analysen. Det er ønskelig med erfaringer, innspill og vurderinger fra både politisk og administrativt hold. Det inviteres her til felles "workshop" for å identifisere og vurdere mulige områder for forvaltningsrevisjon samt selskapskontroll. Mer konkret innebærer dette en risiko- og vesentlighetsanalyse av kommunens tjenester og virksomhet.

Til dette fellesmøtet er, foruten kontrollutvalget med sekretariat, følgende invitert: Ordfører, politiske gruppeledere, rådmann, kommunalsjefer og øvrige ledere, samt hovedverneombud. KPMG, revisor i kommunen, vil forberede og fasilitere møtet.

Vi presiserer at dette er et tilbud. Hvis det er ønskelig kan gjerne inviterede samkjøre/velge representanter fra sine respektive områder.

Agenda

- Kl. 1200 – 1215: Innledning
- Kl. 1215 – 1545: Identifisering og vurdering av mulige områder for

STED:

Rådhuset i Aksdal

TID:

18.01.2016
kl. 12:00 - 16:00

LOKALE

Kommunestyresalen


KONTAKTPERSON:

Lena Davik Fjørtoft
KPMG
Tlf: 40 63 92 64
lena.fjortoft@kpmg.no

(7)

post_122 · Logg ut

Skatteinntektene i 2015 - måned for måned



Grafikken viser veksten i skatteinntektene for kommunene i år målt mot samme periode i fjor (blå søyle, venstre akse). Den røde linjen (høyre akse) er hvordan inntektene ligger an målt mot budsjett. De stiplede linjene er forventet prosentvis vekst i regjeringens anslag.

Skattene ble høyere enn budsjettet i fjor

Regjeringens siste skatteanslag bommet med 1,7 milliarder kroner. Fasiten viser at Kommune-Norge til slutt endte på større skatteinntekter enn opprinnelig budsjettet.

Ole Petter Pedersen

6

Publisert i går, kl. 10.34

Lenge så det ut til at Kommune-Norge ville få en skattesnell i 2015. I revidert nasjonalbudsjett i mai ble sektoren delvis kompensert for et forventet tap på over 1,5 milliarder kroner.

Nye tall fra Statistisk sentralbyrå viser imidlertid at kommunene til slutt fikk inntekter som ligger 440 millioner kroner høyere enn opprinnelig budsjettet, mens fylkeskommunene havner drøyt 300 millioner kroner over budsjett.

Målt mot regjeringens siste skatteanslag, fra tidlig i oktober, er inntektene samlet 1,7 milliarder

kroner høyere enn ventet.

Det er antakelig særlig skattlegging av uføre som har bidratt til økt skattevekst. Veksten kommer på tross av økt arbeidsløshet gjennom året.

6 prosent vekst i kommunene

For kommunene har 2015 gitt 6 prosent høyere skatteinntekter enn året før. Desember alene ble en meget god skattemåned, med inntekter langt over samme måned i fjor.

Selv om innteksgevinsten på rundt 80 kroner per innbygger for 2015 ikke er noe som følger med inn i kommuneopplegget for 2016 betyr høyere skatter i 2015 at det er lettere å nå forventet inntektsnivå i 2016.

I år skal skatteinntektene i kommunene vokse med 6,4 prosent. Da regjeringen la fram statsbudsjettet var forutsetningen en vekst på 7,4 prosent. Siden 2015 ble bedre enn antatt, er det altså mindre som skal til for å nå årets mål.

Halvparten av årets skattevekst blir dekket inn ved at skattøren øker fra 11,35 til 11,8 prosent fra mars. Det i seg selv vil øke årets inntekter med over 3 prosent.

Gevinsten på 440 millioner kommer alle kommunene til gode, men særlig de som har skatteinntekter som ligger over 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Solid gevinst i fylkene

Gevinsten i fylkeskommunene på om lag 325 millioner kroner er relativt sett klart større enn i kommunene. Regjeringen ventet klart lavere vekst i fylkenes skatteinntekter enn i kommunenes, men til slutt endte fylkenes inntekter 5,5 prosent opp fra 2014.

Korrigert for endringene i skattøre er det i 2016 ventet at skatteinntektene til fylkene skal vokse raskere enn i kommunene.

DELTA I DEBATTEN

